



# Aukra kommune

Ordføraren

Olje og Energidepartementet  
Postboks 8148 DEP.  
0033 OSLO

Vår ref  
2007/960-34/

Dykkar ref:

Saksbehandler  
Bernhard Riksfjord

Dato  
23.11.2010

## Høyring: Økt utvinning på norsk kontinentalsokkel og utbygging i Norskehavet

Aukra kommune med Nyhamna som ilandføringsstad for Ormen Lange gassen, og gassknutepunkt, er nøgd med at OED har oppnemnt eit utval som har lagt fram rapport med tiltak for å auka utvinninga av petroleumsressursane frå felt på norsk kontinentalsokkel. Auka utvinning vil representere stor verdiskaping og bidra til vidareutvikling av petroleumsindustrien i Noreg.

I forbindelse med rapporten vil ein gjerne peike spesielt på følgjande:

1. Leverandørindustrien og bransjen må stimulerast til utvikling og standardisering av ny produksjons- og utstyrsteknologi. Parallelt må oljeselskapa også stimulerast til å spørje etter nye løysningar. Utvikling og kompetanseoverføring gjennom fagskole, høgskole og universitet er viktige innsatsområder.
2. Vi ser det som positivt at det foreslås forpliktelser knytta til utvinning. I dette arbeidet fôrutsettes det også gjennomgang av tildelingskriteria, der det er vilje til tiltak for å kunne auka den lokale og regionale ringvirkningar.
3. I gjennomgangen av kontraktsformer for auka utvinning må det også tas inn element som er viktig for norsk industri. Ein slik gjennomgang bør også kunne styrke lokale og regionale leverandør og industribedrifter meir enn kva som har vore tilfelle so langt. Vi ynskjer at kontraktane blir mindre, slik at dei kan bli meir tilgjengelige for lokale og regionale leverandørar. I denne samanheng kan vi informere om at Aukra kommune, gjennom Gassknutepunkt Nyhamna, deltek i eit tett samarbeid med operatør for å auka leveransane frå lokale og regionale leverandørar til Ormen Lange. I tillegg til lokale og regionale ringverknader ser ein også at slike løysningar ofte gjev miljømessig gevinstar.

---

**Postadresse**  
Falkhytten  
6480 Aukra  
**E-post:** post@aukra.kommune.no

**Besøksadresse**  
Falkhytten  
**Org.nr.** 964 981 337  
www.aukra.kommune.no

**Telefon**  
71 17 15 00  
**Telefaks**  
71 17 15 01

**Bank**  
4065 07 30005  
**Bankkto. skatt**  
6345 06 15473

4. Vi meiner at elektrifisering frå land er viktig for å møte nasjonale mål og internasjonale forpliktelser for reduksjon av CO<sub>2</sub>. Det må leggest opp til system som gjer at elektrifiseringa av kontinentalsokkelen ikkje utsetter utbygginga av nye felt. Her har myndigheitene ei spesiell oppgåve i at det er tilgjengeleg kraft som legg tilhøva til rette for elektrifisering. Dette kan ein oppnå gjennom eit samspel mellom ny kraftproduksjon og eit styrka overføringsnett inn til regionen.
5. FoU og prøving av nye pilotar er viktig for å auke utvinningen på norsk sokkel. Det bør også vurderast å kanalisere meir midlar til FoU-miljøa. Den piloten som no er under bygging og uttesting på Nyhamna i Aukra, er eit glimrande eksempel på at revolusjonerande teknologi kan utviklast. Med dei muligheter det kan gi for norsk teknologi, industriutvikling og produksjon på kort og lang sikt.

Aukra kommune støttar i tillegg og stiller seg bak det arbeidet som Møre og Romsdal fylke og Norskehavsrådet gjer i forbindelse med innspel og høyringar i petroleumssakene.

Med helsing

  
Bernhard Riksfjord  
Ordførar